



Thomas Ask
Ikenberget 28
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2412 - 19/38986

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
20.12.2019

Ferdigattest for etablering av snuplass med tilhøyrande skråning og murar - gbnr 137/573 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 827/19

Tiltakshavar: Thomas Ask

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 04.11.2019. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad mottatt 14.10.2019 og sist supplert 15.12.19.

Skildring

| | |
|-----------------|---|
| Adresse: | Ikenberget 28, 5911 Alversund |
| Bygningstiltak: | Etablering av snuplass med tilhøyrande skråning og murar. |

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for etablering av snuplass med tilhøyrande skråning og murar på gbnr 137/573.

Snuplass med tilhøyrande skråning og murar må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan



fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/2412

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Thomas Ask

Ikenberget 28

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Thomas Ask

Ikenberget 28

5911

ALVERSUND